

# Retningsliner for borgarleg vigsel i Ulvik herad

Gjeldande frå 1.1.2018

## Borgarleg vigsel i Ulvik herad

Frå 1.1.2018 overtek kommunane ansvaret for borgarlege vigslar i Noreg. Informasjonen i dette skrivet utdjudar rutinane Ulvik herad har for dette, samt informerer brudefolk om prosessen for å få i stand ein borgarleg vigsel gjennom heradet.

I Ulvik herad er det Ordfører, varaordfører og rådmann som har vigselsmynde. Ordførar og varaordførar sin mynde føl av ekteskapslova. Heradsstyret har i tillegg delegert dette mynde til rådmannen. Mynde til å vigsle etter ekteskapslova er personlege og det skal utferdast eit personleg myndebrev til vigslarane.

## Kven kan vigslast i Ulvik herad

Heradet tilbyr borgarleg vigsel for heradet sine innbyggjarar og personar som ikkje er busett i Noreg, men likevel fyller vilkåra for inngåing av ekteskap i Noreg, jf. ekteskapslova § 12a. Det er tilstrekkeleg at ein av brudefolka er busett i heradet for at me har plikt til å tilby viggsl. Det er dei alminnelege reglane om folkeregistrering av bustadadresse som regulerer kven som reknast for å vere busett i heradet. Heradet si plikt til å vigsle gjeld og for utanlandske statsborgarar og for norske statsborgarar som er busett i utlandet. Desse skal ikkje betale for tilbodet, i likhet med norske statsborgarar som er busett i heradet.

Ulvik herad tilbyr og vigslar til andre brudefolk enn dei nevnt over. Det er då ein føresetnad at brudefolket sjølv dekker heradet har i den samanheng.

## Forebuingar til vigselen

Før inngåing av ekteskap må det ligge føre gyldig prøvingsattest på tidspunktet for ekteskapsinngåinga. Dette er det folkeregisteret som utferdar. Attesten er gyldig i fire månader frå utferdinga. Prøvingsattesten vert gjeven på bakgrunn av ei rekke dokument. Skjema finn du på skatteetaten si heimeside eller hjå statleg blankettarkiv.

I Ulvik herad kan ikkje viggsl avtalast før det ligg føre gyldig prøvingsattest.

## Tidspunkt og stad for vigslar

I Ulvik herad er det fleksibilitet på når ein viggsl kan gjennomførast, men naudsynte ressursar er best tilgjengelege innanfor normalarbeidstida (09-15). Det er og innan same tidsrom dei fleste vigslar kan gjennomførast kostnadsfritt. Heradet oppfordrar brudefolk til å sende inn ønska tidspunkt og stad når viggsl vert bestilt. Heradet har eige seremonilokale for viggsl. Der vil det og vere plass for nokre gjester, dersom brudeparet ynskjer det.

## Gjennomføring av vigselen

Det vert lagt opp til at vigselen har ein seremoniell karakter. Vigslaren har uniformering fastsett for Ulvik herad. Det borgarlege viggelsformularet nyttast ved gjennomføringa av borgarlege vigslar. Vi nyttar det nynorsk formularet, som og finst på bokmål og oversatt til samisk, engelsk, tysk, fransk, spansk og russisk. Versjonane finn du på Bufdir sine heimesider. Seremonien kan tilpassast med eksempelvis musikk og tekstlesning, byte av ringar, etc.

Før vigselen vert gjennomført mottek vigslaren prøvingsattesten frå brudefolket. Brudefolket skal og legitimere seg. Gyldig legitimasjon må innehalde namn, bilde og fødselsdato. Det må vere to vitner til stades under seremonien. Dette skal vere to myndige personar. Vigslaren kan ha med seg ein skrivar.

Ein vigslar kan, dersom ho eller han finn at det er grunn til tvil om eit vilkår er oppfylt, utsetje vigselen. Brudefolket vert då pålagd å skaffe bevis for at vilkåret er oppfylt. Ut over dette har ikkje vigslaren grunnlag for å nekte å gjennomføre ein vigsel.

### **Melding om vigsel og registrering**

I prøvingsattesten frå folkeregisteret inngår og melding om vigsel og vigselsbok (skjema Q-0309). Melding om vigsel/ vigselsbok fyllast ut av vigslar. Spørsmåla skal svarast på så langt dei passar. Brudefolket og vitnene skal underteikne vigselsmeldinga. Innan tre dager skal ein stadfesta kopi av dette returnerast til folkeregisteret. Dette gjer heradet.

Saman med vigselsmeldinga skal vigslar legge ved dokumentasjon for sitt vigselsmynde. For Ordførar og varaordførar er det tilstrekkeleg med dokumentasjon på vervet. Brudefolket får ein stadfesta kopi av skjemaet. Dette utgjer mellombels vigselsattest. Folkeregisteret utferdar endeleg vigselsattest.

Ulvik herad er ansvarleg for å føre vigselsbok med oversikt over ekteskap som er inngått i heradet. Det originale skjemaet «Prøvingsattest/melding om vigsel/vigselsbok» utgjer vigselsboka.

### **Økonomi**

Det er fastsett retningsliner om betaling for vigslar i forskrift om kommunale vigslar. Tilbodet skal vere gratis for heradet sine eigne innbyggjarar og for personar som ikkje er busett i Noreg. Heradet tek betaling for naudsynte meirkostnader dersom brudeparet vigslast ut over fastsett tid (09-15) eller at bestilt seremoni er så omfattande at tidsbruken er lenger enn vanleg. Likeeins tek heradet betalt dersom seremonien vert lagt ein annan stad enn heradet sitt seremonirom, dersom det medfører ekstra kostnader til transport, lokaler, m.v. Dette informerast brudefolket om i god tid før vigselen. Kostnaden vil verta vurdert i kvart einskild tilfelle, ut over det som framgår i Betalingssatsar for borgarleg vigsel i Ulvik herad. Andre som vil vigslast i Ulvik må dekke alle kostnader ved dette. Heradet tek ikkje betalt for meir enn inndekking av faktiske kostnader, jfr Betalingssatsar for borgarleg vigsel i Ulvik herad.

### **Ynskjer du å vigslast av Ulvik herad**

Brudefolk som ynskjer å vigslast i regi av Ulvik herad tek kontakt med tenestetorget på epost [postmottak@ulvik.kommune.no](mailto:postmottak@ulvik.kommune.no). I e-posten gjev du opp namn på brudepar, e-postadresse, telefonnummer, ynskje om andre lokaler, dato og tid. Heradet vil ta stilling til om vigslinga kan gjennomførast slik brudeparet ynskjer. Legg ved kopi av prøvingsattest. Du kan også ta kontakt på telefon +47 56 52 70 00.

Etter at kontakt er etablert vil vigslaren eller tenestetorget ta kontakt med brudefolket for å avtale vidare gang frem til vigselen finn stad.